

Mandat

Underutval for Rehabilitering

Bakgrunn og føremål	<p>Fagutval innanfor rehabilitering</p> <p>Utvalet skal fremja og styrkja samarbeidet mellom 1. og 2. linjetenesta i Voss lokalsjukehusområde innanfor sitt fagfelt gjennom å være ein kommunikasjonsarena og eit nettverksorgan.</p>
Oppgåver og ansvar	<p>Utvalet skal dela erfaringar og bidra i arbeidet for rehabilitering i heile helsefellesskapet</p> <p>Utvalet har ansvar for å melda relevante saker til områdeutvalet</p> <p>Utvalet skal arbeide for å kvalitetssikra bruken av etablerte prosedyrar og samarbeidsavtalar.</p> <p>Utvalet skal vera ein fagutviklande møteplass for 1. og 2. linjetenesta i regionen.</p> <p>Utvalet skal være ein pådrivar for å sikre gode overgangar mellom 1. og 2.linjetenesta.</p> <p>Utvalet skal vere ein pådrivar for etablering og vidareutvikling av rehabiliteringstilbod i lokalsjukehusområdet.</p> <p>Utvalet skal vere eit fagleg og administrativt informasjons- og diskusjonsforum m.a. i høve til planlegging og utvikling av nye tilbod og ved reduksjon/endring av tilbod.</p> <p>Utvalet skal og ha fokus på helsefremjande og forebyggjande arbeid, være ein pådrivar og halde seg oppdatert om tilbod i lokalsjukehusområdet.</p> <p>Utvalet skal vere eit høyringsorgan i saker som gjeld rehabilitering.</p> <p>Utvalet skal arbeide for felles opplærings- og kompetanseutviklingstiltak (som td. lokalsjukehuskonferanse).</p> <p>Utvalet kan nemne opp arbeidsgrupper for spesielle saker</p>
Samansetting og oppnemning	<p>Utvalet er sett saman av sentrale aktørar i rehabiliteringsarbeid frå sjukehus og kommunar</p> <ul style="list-style-type: none"> - representantar for spesialisthelsetenesta <ul style="list-style-type: none"> o rehabiliteringsklinikken Helse Bergen o Voss sjukehus (med relevant kompetanse) - kommunane <ul style="list-style-type: none"> o ein representant frå kvar av kommunane - Brukarrepresentant
Drift	<p>Utvalet vel sjølv leiar og fastset funksjonstid. Sekretærfunksjonen rullerer mellom kommunerepresentantane.</p> <p>Utvalet bør ha 1 møte pr. kvartal.</p>

	<p>Det skal først referat frå møta i utvalet. Møta bør vera i forkant av møta i områdeutvala slik at referat frå siste møte kjem med i kommande områdeutval.</p>
--	--